



Naturvernforbundet

Buskerud

Det står ein friar ut i garden – DT mars 2024

I DT. 14.3 har Per Olaf Lundteigen ein kronikk med tittelen “hvordan skjøtte skogen med et krevende klima.” Han går på friarfötter til naturvernsida med eit ønskje om å få til eit faglig samspel mellom skogbrukar og naturvernar. Det er interessant.

Naturvernforbundet har i mange år kritisert skogbruket for manglande naturomsyn, og vore kritiske til omfattande flatehogstar og bestandskogbruket med monokultur av gran. Klimaendringane har, som også Lundteigen påpeikar, ført til at denne skogen er svært sårbar for tørke, billeangrep og vind.

Det “nye skogbruket”

Lundteigen stiller fleire spørsmål: “Hvordan skal vi skjøtte skogen med et krevende klima?

Og “Hva er framtidas skogskjøtsel på den beste skogsmarka fra Drammen til Vestfossen?”

Naturvernforbundet er glad for å få dette spørsmålet og me støttar Lundteigen i synet på at ei omlegging må til.

Det må bli slutt på store flatehogstar. Dei siste 75 åra har $\frac{2}{3}$ av norsk skog blitt flatehogd. I følgje raudlista for artar til Artsdatabanken lever 46% av dei trua artane i skog. Det tilsvarer 1330 artar. Mange av dei er knytt til gammalskog, som her på det sentrale austlandet har blitt redusert med 57% sidan 1990. (Storaunet og Rolstad 2020)

Flatehogsten er også negativ for friluftslivet og landskap, og fører til store karbonutslepp frå jordmonnet. I framtida må det satsast på såkalla lukka hogst med mindre flatar og uttak av enkeltre. Dei allereie flatehogde skogane bør skjøttast på ein måte som gjer dei meir robuste i framtida. Me må arbeide for å få ein meir variert skog, med mykje større innslag av lauv, og det må vera rikelige mengder død ved med ulik grad av nedbrytning og alder. Døde tre er levestad for

mange organismar, blant anna maurbiller, som har barkbiller på menyen. Det er ofte mykje liv i eit dødt tre.

Eit slikt skogbruk vil føre til større kontinuitet i skogbiletet og vil vera positivt for både biologisk mangfald, friluftsliv, landskap og karbonbinding. Denne nye skogen vil også vera robust i forhold til endra klima i framtida som ser ut til å bli både våtare, tørrare og villare. For å få til eit slikt skogbruk må me i større grad satse på kvalitet og mindre maskinar. Statleg økonomisk støtte må dreiest bort fra auka produksjon til naturvenleg skogbruk. Trevirke av god kvalitet må verdsetjast, og prisen på slikt virke må opp.

Lundteigen inviterer i kronikken sin til eit konstruktivt fagleg samspel mellom skognæringa og naturverninteressene for leggja grunnlaget for eit berekraftig og økonomisk lønnsamt skogbruk i framtida. Sjølv om det er strid om fleire av synspunkta Lundteigen kjem med i kronikken sin, ser Naturvernforbundet fram til eit slikt samarbeid. Dei to store krisene i vår tid, klima- og naturkrisa, gjer at drifta av skogen vår må endrast og tilpassast dei nye rammevilkåra. Naturvernforbundet vil gjerne bidra i arbeidet med desse endringane i skogbruket. Evig truskap lovar me berre naturen. «Friaren uti garden» kan me lova konstruktivt samarbeid.

Naturvernforbundet i Buskerud - Martin Lindal.